I 2024 kan vi feira tusenårsjubileum for kristenretten i landet vårt, og her lokalt det same for kyrkjestaden på Hamre. Slike jubileum opplever ein ikkje ofte. Om fire år er det tid for å markera den historiske hendinga på staden der den tredje kyrkja no står. På staden som for tusen år sidan blei utpeikt for å spreia den nye kristentrua ut til folket her vest.

Det er ikkje verst, vi ligg til dømes framom Bergen i alder som i år markerar at byen er 950 år. Ein kan sjølv sagt undra seg over korleis dette gjekk til at akkurat Hamre av alle stader vart plukka ut som kyrkjestad så tidleg. Men, som eg vil visa i artikkelen her, ingenting er tilfeldig.

Osterøy ligg, som nemnd over, fint plassert med fastland på alle kantar, omkransa av ein fjord som stort sett ikkje er så brei, men mange stader svært djup. Berre ein stad har dette fjordsystemet eit utløp, og det er i vest mot det som er sjøvegen mot Bergen. Men her i vest passerer også hovudleia nordover langs kysten nokså nær øya, gjennom Hagelsundet.

Hamrebygda er difor sentralt plassert i nærliken av det vestlegaste punktet på Osterøy, og langs stranda her vart det tidleg ein naturleg møtestad i fjordsystemet.

Ny kyrkje i 1622

Lenge før kristendomen slo rot på våre kantar kom antakelig folk roande og seglande hit for å ordna opp i saker og ting. Prestegarden på Hamre reknar ein med var busett i dei første århundra av vår tidsrekning, og samlingsstaden vart tidleg også ein tingstad.

Då kristendomen fekk fotfeste vart det årlege Gangedags-tinget halde her om våren. Gangdagane var vekedagane før



DÅYPEFONT FRÅ 1250: Hovuda til fire vaktmenn held frå sidene utkikk i dei fire himmelretningane, og skal vakta det heilage badet mot vonde krefter. Dåpsfatet oppi dåypefonten er frå 1708.

Fakta

Hamre kyrkje

- Etter-reformatorisk langkyrkje med korte korsarmar på nordvestspissen på Osterøy. Reist i 1622 som den tredje i rekka av kyrkjer på same staden.
- Det finst ingen spor etter den første kyrkja som stod her (reist i 1024), men enkelte bygningsdetaljar frå stavkyrkja som kom etter er tekne vare på.
- Utvendig er kyrkja kledd i lafteverk. Koret og skipet har same breidd, men på kvar side har den grunne utskot som gjev den preg av å vere ei korskyrkje.
- Den eldste delen av inventaret er ein døypefont i kleberstein frå rundt år 1250.
- Alteret er av murt stein med relikviegjemme. Dette kan stamme frå den tidlegare stavkyrkja.
- Det nest eldste i kyrkja er hovuddelen av eit middelaldersk alterskap. Dette er laga i Lübeck omkring år 1480.
- Av tømmerkyrkjene som blei bygd på 1600- og 1700-tallet står i dag berre åtte tilbake: Hamre, Holdhus, Gjerde (i Etne), Grindheim (i Etne), Åkra og Børnlo gamle kyrkje.
- Litteratur: Bergo, Lars: Hamre Kyrkja (Bergen 1951), Foldøy, Kristoffer: Kyrkja ho er eit gammalt hus (Osterøy 2003).

Kjelde: kunsthistorie.com/fagwiki/Hamre_kirke

helgetorsdag, og då vart det også utført eit åkervekkingsrituale på kyrkjestaden.

Den første kyrkja som stod her veit vi svært lite om. Antakleg var det ei enkel stavkyrkje med jordgravne stolpar, og ho har stått der kordelen i dagens kyrkje står.

Hamre kyrkje nummer to kom opp eingong ut på 1100-talet, som ei ombygging og utviding av den første. Dette var ei etter måten stor stavkyrkje med opphøga midtrom og synlege stavar i rader inne i kyrkjerommet. Alterstaden var den same i begge kyrkjene, og er også den same i kyrkja som står i dag.

Kyrkjebygget som møter oss på Hamre i dag er ei tømmerkyrkje frå 1622 – men som sannsynlegvis blei påbegynt allereie i 1585 skal ein tru ei innskrift på den gamle hovuddøra. Etter reformasjonen i 1536 var det naudsynt å gjera nokre arkitektoniske forandringar. Ein skulle mellom anna ha sitjeplasser til ein tredel av soknet i kyrkja. Så bygget blei forlenga mot sjøen, og fekk sett på eit markant tårn over inngangspartiet.

Opphavleg inventar

Innvendig kom der mykje nytt inventar som kunne samstemma meir med Luther si lære enn det katolske som var der frå før. Det gamle antemensalet som stod festa til alterfronten blei dekka til, og ny altertavle kom på alteret i 1622. Den ber våpenskjolda til Knut Gyldenstjerne (lensherre i Bergen) og kona hans Sofie Lindenow, og er dekorert (truleg også konstruert og utskoren) av Lambert Tidemann frå Bremen.

Det gamle antemensalet frå om lag år 1200 blei i 1906 henta ut og er nå å finna i kyrkjesamlinga til Bergen museum. I kyrkja heng det ein rekonstruksjon på nordre langveggen.



VEGGPLANKE MED RUNETEIKN: Planke frå stavkyrkja med bumerke og runeinnskrift frå om lag 1310.

Frå katolsk tid har vi ennå bevart det gamle steinalteret med alterbord og relikviegøyme i stein. Dette er rett nok skjult bak eit finert trealter, men skal etter planen gjerast meir synleg til tusenårsmarkeringa. Kva slags relikvie kyrkja har hatt i sin eigedom veit vi ikkje. I alterbordet er det ei lita nedsenkning, som eit stort halvt egg om lag, og utfasing for eit lok å ha over.

I tillegg har ein funne ein figur frå eit alterskrin som kanskje har stått på alteret, laga i Limoge i Frankrike på 1100-talet. Dette er ein av dei tre kongane som kom for å tilbe Jesusbarnet, laga i emaljert metall. Figuren, som er 9 cm høg, er òg å finna i kyrkjesamlinga i Bergen.

Døypefont frå 1200-talet

Vi er så heldige også å ha bevart hovuddelen av eit lite alter-skap laga i Lübeck kring år 1500. I skapet står Maria med barnet som himmeldronning, flankert av ein pave og ein kvinneleg helgen. Skapet har hatt dører, men dei er borte.

Ute i våpenhuset heng ein veggplanke frå stavkyrkja med bumerke og runeinnskrifter. Denne stod opphaveleg i koret,



ALTERBORD FRÅ KATOLSK TID: I steinalteret var det i mellom-alderen oppbevart ein relikvie. Midt på trealterbordet kan ein opne ei lita luke og sjå ned på det.



RIKT ORNAMENTERT: Prekestol frå 1640 med fem utskorene felt. Lydhatten over har Kristian 4. sitt symbol, englar og rettferdsgudinnen Justitia med skålvekt og sverd. Under står ein utskoren soldat som ber prekestolen på skuldra si.

og runene fortel om ei kvinne, Margareta, som er lagt i grav «her nedanfor», altså inne under korgolvet. Runeskrifta er datert til om lag år 1310.

Framme i koret står den gamle døypefonten i kleberstein, datert til midt på 1200-talet. Stiltrekk røper at det er engelske steinhoggarar som har forma ut fonten, som er skålforma innvendig med ein åttekant (oktogonal) utvendig. Hovuda til fire vaktmenn held frå sidene utkikk i dei fire himmelretningane, og skal vakta det heilage badet mot vonde krefter.

Slik kunne ein fortsetja med å ramsa opp saker og ting frå kyrkja si inventarliste, men nokre ting som skjedde med kyrkja etter år 1600 må nemnast.

Det var nok store ting då kyrkja fekk prekestol i 1640. Vi kjenner ikkje namnet på kunstnaren, men han har gjort arbeidet i ein stil vi kjenner frå Tyskland og Danmark. Det er dei fire evangelistane som er utskorne i fire av hovudfelta, medan Kristus som verdens herskar står i det femte. Inngangen til stolen er flankert av Adam og Eva, og på lydhatten over finn vi kong Kristian 4. sitt symbol. Under står det ein soldat som heile stasen kviler på.

Biletpryden blei måla over

Om lag på denne tida, midt på 1600-talet, blei kyrkja dekorert innvendig. Det må ha vore eit stort arbeid som har teke si tid, for dei fleste flatane av kyrkjeveggane og heile kortaket blei pryda med ornament og hendingar frå Bibelen. Her kunne folk sjå i biletform det som kristendomen fortalte. Vi kjenner ikkje alle motiva, men i kortaket, som framleis er svært godt bevart, er det nokre av dei dramatiske hendingane frå det gamle testamentet som har fått plass.

Diverre vart det bestemt av biskopen etter ein visitas i 1865 at biletpryden på veggane skulle målast over. Han meinte at alle desse biletta kunne forvirra ein stakkars uskulert bonde-mann, og få han til å drøyma seg bort i kyrkjebenken i staden for å høyra på kva presten hadde å fortelja. To år seinare vart



ALTERTAVLE FRÅ 1622: Altertavla er skapt av Lambert Tidemann frå Bremen. I storfelta har den ei korsfestingsgruppe nederst og oppstandelsen over, og fleire skriftstader er siert. (Foto: Frode Inge Helland).

målararbeidet gjort. Heldigvis blei kortaket spart, og også dei malte teppene som «heng» nederst langs veggane. Ei stor restaurering rundt 1950 klarte ikkje å gjenskapa det som eingong var, sjølv om all den lyse fargen som var påført blei vaska vekk.

Denne forteljinga om kyrkjestaden Hamre er ei svært forkorta utgåve. Mange viktige, interessante og snodige ting får venta til eit anna høve. Kanskje det i samband med jubileet om nokre år kan bli råd til å fortelja heile historia? Eller rettare, dei delane av historia vi har tilgang til. For mykje er aldri blitt dokumentert, og i den store gløyme-boka er det smått med referansar.



ALTERSKAP FRÅ SLUTTEN AV 1400-TALET: Personane i alterskapet er (frå venstre) ein kvinneleg helgen, Maria med barnet og ein pave, antageleg Gregor den store.

**VÅPENSKJOLD PÅ
ALTERTAVLA:** Våpenskjoldet til Sofie Lindenow, dansk adels-dame og kona til lensherre Knud Gyldenstierne – som har skjoldet sitt på andre sida av predellaen (fotstykket) til alternatavla. Dei to tala nederst referar truleg til årstalet (1622) då ekteparet donerte alternatavla.

Til ettertanke

Livet er truet

Vi vil heller leve i egen styrke enn å stole på Gud. Men da kutter vi av den grønne gren som vi skulle sittet på.

AV ROLF RASMUSSEN, SENIORPREST I ÅSANE MENIGHET

Året 2020 står i pandemiens tegn. Et lite virus har forandret hele verdens skikkelse. I frykt for smitten har hele verden kledd seg i vernetøy. Selv om Norge nå forsiktig løfter på en del av restriksjonene vi har vært under, vet vi at titusenvis av liv ennå kan gå tapt før verden kan regne med at det verste er over.

Gjennom Vestens historie har ofte katastrofer vært sett på som en Guds straffedom. Nå for tiden vil vi gjerne avskrive slike tanker som uvitenhet. Og det er jo sant at vi ikke kan kikke Gud i kortene. Men fremdeles er Gud historiens Herre. Han satte den i gang, og han vil en gang avslutte den. Kan Gud likevel stå bak katastrofer?

Det gamle testamente gir oss flere beskrivelser av katastrofer som Gud sto bak. Den første og største var storflommen som utslettet alt landbasert liv, med unntak av de dyr og mennesker som var ombord i Noahs ark. Guds begrunnelse for denne drastiske handlingen var hans sorg over menneskenes ondskap (1.Mos. 6,5-8). Men etter flommen lover han de overlevende: Dette skal jeg aldri gjøre igjen!

En annen katastrofe for hans folk (jødene) var utslettelsen av deres to politiske enheter: Israel (Nordriket) i 722 f.Kr. og Juda (Sydriket) i 587 f.Kr., begge med den samme begrunningen: at hans folk hadde forlatt sin pakt med ham og dermed sluttet å lyde hans gode bud. Vi skal merke oss at i forkant sendte han mange profeter til å forkynne omvendelse for folket – for om det hadde skjedd, ville katastrofen blitt avverget.

I Det nye testamente finnes det også en nasjonal katastrofe som venter jødefolket, og som Jesus forutser: Opprøret mot romerne som ender med ødeleggelsen av tempelet i Jerusalem i år 70. Lukas forteller om hvordan han gråter når han ser for seg den kommende ødeleggelsen (19,41-44). Denne gangen er det hvordan byen ikke vil ta imot ham som er grunnen. Han hadde ønsket å være byens beskytter og bevarer. Men det strander på dette: «Dere ville ikke» (13,34).

Samtidig merker vi oss hvordan Jesus kommenterer to samtidige ulykker i Luk. 13,1-5: De som spør ham vil gjerne se ulykkene som en personlig staff over dem som omkom, men dette avviser Jesus tvert. Men han legger til: «Hvis dere ikke vender om, skal dere alle omkomme som dem». På samme måte avviser Jesus i Joh. 9,3 at en mann han senere helbredet er blitt født blind på grunn av foreldrenes synd eller egen synd. Da skal heller ikke vi komme med slike dommer over dem som rammes av ulykker.

Så finnes det altså likevel en forbindelse mellom synd og død. Adam og Eva spiste av treeet Gud ikke hadde tillatt dem, og konsekvensen ble døden. De er typiske for alle oss mennesker.

Vi vil heller leve i egen styrke enn å stole på Gud. Men da kutter vi av den grønne gren som vi skulle sittet på.

Gud skapte oss i kjærlighet for at vi skulle speile oss i ham og der finne vår identitet. Liv uavhengig av Gud finnes ikke. Som Paulus uttrykker det: «Det er i ham vi lever, beveger oss og er til. (Apg. 17,28). Baksiden av dette er da at hvis Gud ikke lenger holder oss i live, dør vi (Job 34,14-15). Vi lever alle med denne dommen over oss.

Det som gjør det nye testamentet nytt, er konsekvensen av Jesu død. Han tok på seg vår skyld og dermed vår dødsstraff. Når han står opp til et forvandlet liv, åpner han også for en ny fortsettelse - og forvandling - av våre liv. Det evige liv blir etablert, og kan begynne her og nå. Døden blir ikke lenger livets nederlag, men porten inn til livets forvandling. Det gjelder enten jeg skal dø av kreft, korona eller alderdom.

Jesus kom ikke for å dømme verden, sier han selv i Joh. 3,17. Men pandemien kan minne oss om hvor vi har livets feste og kilde, og dermed få oss til å vende oss til Ham. Da kan livet bli forvandlet og fornyet.

Kjære leser!

Bladet du nå holder i er et resultat av innsatsen fra mange frivillige fingre. Likevel er det en del kostnader med produksjonen av hvert blad.

Stor takk til alle dere som har bidratt økonomisk til bladet, dette er med på å gjøre det mulig å utgi bladet. Vi er frimodige nok til å vedlegge en giro i dette bladet i håp om mulig bidrag til fortsatt utgivelse.



Det er mulig å få skattefradrag på gaver der totalt årsbeløp overstiger kr 500.

På forhånd takk til de som finner anledning!

Vennlig hilsen Bjørn Otto Aarheim,
styreleder for menighetsbladene i Åsane prosti

VI TRENGER FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?
Årlig besvarer vi omkring 200 000 henvendelser
på telefon og internett, likevel er det en av tre
som ikke får svar.

[Les mer og meld din interesse på kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



Å snakke med folk om livet gir mening.



Din lokale elektriker for små og store oppdrag
Osterøy 56 39 39 00 | Arna 55 39 19 00 | inst@thunestvedt.no
thunestvedt.no

REMA 1000

5282 Lonevåg | 56 39 22 30



YX Osterøy Servicesenter
5281 Valestrandsfossen
56 39 41 86
Mob. 902 96 665

BLINK HUS

Helge Rød as

Revheim Gravferdshjelp ANS

Står til teneste og ordner alt
det praktiske ved dødsfall.
Kjem gjerne heim for samtale.

Sissel Revheim & Karin Revheim
Tlf: 481 37 815/992 97 112
Epost: revheim@grhjelp.no

KYRKJETUR 2020

SOMMARKONSERTAR PÅ OSTERØY

TRENT BRUNER
PIANO

INGRID SOFIE OG HANNAH MOIRA
MIDTBØ-BRUNER - FELE OG HARDINGFELE

BAARD EIKAAS
ORGEL



BRUVIK KIRKE
HAUS KIRKE
GJERSTAD KIRKE
HOSANGER KIRKE
HAMRE KIRKE

LAURDAG 13.JUNI
SØNDAG 14.JUNI
TYSDAG 16.JUNI
ONSDAG 17.JUNI
TORSDAG 18.JUNI

KL.1800
KL.1900
KL.1900
KL.1900
KL.1900



KOLLEKT TIL KYRKJENE PÅ OSTERØY – VIPPS NR. 547323
REDUSERT ANTALL: 50 PER KONSERT - VELKOMMEN! <https://osteroy.kyrkja.no>

Ostringane døyper barna sine

Statistikken vår viser at over halvparten av alle nyfødde ostringar blir døypt i ei av kyrkjene.

TEKST OG FOTO: EDVIN BRATLI

78 prosent av innbyggjarane på Osterøy er medlemer i kyrkja, noko som er høgare enn landsgjennomsnittet. Det er nok medverkande til at mange her vel å døype barna sine.

Vi ser og at tradisjon og det å høre til i lokalsamfunn og familie er ein faktor som spelar inn. Ein har foreldre eller besteforeldre som ønskjer at ein skal halda på tradisjonen. Biskopane våre seier dette om dåpen: «*Dåpen er ei gave frå Gud, gitt av nåde, tre handfuller vatn, auste opp i namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage ande til evig liv. Vi går framtida i møte saman med Kristus.*»

I motsetning til tidlegare må no foreldra sjølv ta kontakt med kyrkja (gjerne via heimesida osteroy.kyrkja.no) for å melde barnet opp til dåp. Kyrkja på Osterøy har eit rikt tilbod til alle som blir døypt. Dei blir invitert til ulike samlingar etter kvart som dei vekst til.



FLEIRE VEL DÅP: Biletet er frå Hamre kyrkje i 2016, med dåverande sokneprest Inge Sørheim.

Til ettertanke

Ei kyrkje der folk flest kjenner seg heime

Altruisme er det etiske prinsipp at våre medmenneske sitt ve og vel bør vera retningsgjevande for våre handlingar.

TEKST: STURLE LITLAND

I dei siste åra har me ofte fått høyra at Den norske kyrkja eller andre trudomssamfunn ikkje skal blanda seg inn i politiske spørsmål, det vere seg om opningstider for butikkar, oljeboring eller korleis vårt velferdssamfunn skal handsama asylsøkjarar og andre utsette grupper.

Døme på denne meiningsutvekslinga er innvandringskritikarar som opplever at Kjell Magne Bondevik og nyleg pensjonert preses Byfuglien stemplar dei som «slemme og kalde menneske». Seinast sist vinter blei det hevdat at dette var grunnen til at folk flest ikkje kjenner seg heime i kyrkja. Eg høyrer vel kanskje til kategorien «folk flest», og eg kjenner meg so absolutt heime i kyrkja.

I samband med rettssaka mot Gunnar Stålsett vart det reist spørsmål om lovene skal vera like for alle. Svaret må vera eit

klårt ja. Dersom det er straffbart å gje nokre kroner til ei som har lite å rutta med, so må den ansvarlege vera budd på både bøter og fengselstraff. Ei straffbar handling er ikkje nødvendigvis det same som at ho er moralsk forkasteleg. Eg kjenner meg heime i kyrkja, som er det same trudomssamfunnet som også tidlegare biskop Gunnar Stålsett tilhøyrer.

Størst av desse tre (tru, von og kjærleik) er kjærleiken heiter det i 1. Kor, 13. Den kjærleiken det her er snakk om er neppe eros eller amor, men eit vidare begrep, noko i retning av altruisme, som er det etiske prinsipp at våre medmenneske sitt ve og vel bør vera retningsgjevande for våre handlingar.

I fleire ordbøker er altruisme omsett med nestekjærleik. Det er i alle fall ei god rettesnor for all menneskeleg aktivitet, inkludert politisk verksemeld.

Innlegget er noko forkorta.

- Det er aldri for sent

– Åge, før du stiller spørsmål, så vil jeg gjerne få si noe om hvor godt jeg er blitt mottatt her på Osterøy. Det inspirerer til å ha fokus på menighetsvekst og gir meg trygghet i en-til-en samtaler, sier Jørgen Grimelid. Dermed er tonen satt for vår samtale med nyepresten.

TEKST: JØRGEN GRIMELID OG ÅGE CLAUSEN



EN LAGSPILLER: – Jeg vil være med å skape gode sosiale relasjoner hvor den enkelte kan få trygghet i sin tro. Dessuten virker støttende relasjoner integrerende, skaper «vi-følelse» og åpner for medvandring, sier Jørgen Grimelid. (Arkivfoto: Thrude Deisz)

– Helt fra ungdommen av har jeg stilt meg selv spørsmålet om hva jeg skal bruke mine evner og ressurser til. Noen ganger virket det som om jeg holdt på med en ørkenvandring. Jeg kan trygt si å ha vært underveis, sier Jørgen Grimelid, som først tok utdanning i helsevesenet – med anestesi som arbeidsfelt.

Han har også studert økonomi og ledelse ved NHH og universitetet, samt at han har en master fra psykologisk fakultet. «Prestesporet» utsatt han derimot lenge, selv om han tidlig kjente kallet.

– Det å utsette valget om å bli prest ble som å stamppe i motvind. Men jeg har jo skaffet meg kunnskap og erfaringer, og det ser jeg kommer meget godt med nå, sier han.

– Et kall er ikke noe man kvitter seg med over natten. Det var i mange år som et slags underliggende «gnag». På en arbeidsplass fikk jeg et kort hvor det sto håndskrevet «Har du tatt imot Jesus, Jørgen? Jesus venter fremdeles på deg». Kortet sammen med en andaktsbok gitt meg av min bestemor var viktige festepunkter i en tid hvor det slet som verst i fortøyningene.

Det store brekkpunktet kom en junidag i 2005 da han møtte spørsmålet på nytt. Han bestemte seg da for å bli prest.

– Om ettermiddagen fortalte jeg dette, først til konen min så til barna. Alle ga sin uforbeholdne støtte. Noen måneder senere fikk jeg en jobb det var mulig å kombinere med teologistudiet. Fra da av har jeg ikke tvilt på hva jeg ville bruke livet mitt til.

Han er opptatt av at kirken skal være åpen, favne vidt, ha en inkluderende holdning og tar imot alle aldersgrupper og samfunnslag. Alle som kommer til kirken skal møtes på en trygg og god måte.

– Som prest skal jeg representere den oppstandne Jesus. Dette gjør fiskeplassen stor, utfordrende og spennende. Fremtiden til kirken ser jeg positivt på, til tross for lavere oppslutning og utmeldinger, dette utfordrer oss til å tenke nytt. Det å tenke nytt liker jeg meget godt.

Dette innebærer å slippe flere til med sine oppfatninger og forslag, til eksempel som et gudstjenesteverksted – der noen fra menigheten er med på å forme gudstjenestene.

– Vi er begynt litt på dette sporet i Hamre, forteller han.

– Fremtidens menigheter må i større grad enn noen gang handle om samarbeid, lagspill og langsiktig tenkning. Vi må være teamorientert og prosessorientert, ikke opptatt av gevinst. Vi må se det enkelte menneske, det er en forutsetning for å få flere med oss.

DEN NORSKE KYRKJA



Osterøy

7. juni

Treeiningssøndag. Matt. 28, 16-20
Hamre kyrkje kl. 11.00. Høgmesse. Jørgen Grimelid.
Nattverd.
Haus kyrkje kl. 11.00. Høgmesse. Stein Hugo Fykse.
Nattverd.

14. juni

2. s. i treeiningstida. Matt. 3, 11-12
Hosanger kyrkje kl. 11.00. Høgmesse. Jørgen Grimelid.
Nattverd.

21. juni

3. s. i treeiningstida. Lukas 14, 15-24
Gjerstad kyrkje kl. 11.00. Høgmesse. Stein Hugo Fykse.
Nattverd.
Bruvik kyrkje kl. 17.00. Gudsteneste. Stein Hugo Fykse.
Dåp og nattverd.

28. juni

4. s. i treeiningstida.
Hamre kyrkje kl. 11.00. Høgmesse/Dåpsfestgudsteneste.
Jørgen Grimelid. Dåp og nattverd.

5. juli

5. s. i treeiningstida.
Gjerstad kyrkje kl. 11.00. Høgmesse. Jørgen Grimelid.
Nattverd.
Hosanger kyrkje kl. 17.00. Høgmesse. Jørgen Grimelid.
Nattverd.

12. juli

6. s. i treeiningstida/Aposteldagen.
Haus kyrkje kl. 11.00. Høgmesse. Stein Hugo Fykse.
Nattverd.

19. juli

Ingen gudstenester på Osterøy.

26. juli

8. s. i treeiningstida.
Hosanger kyrkje kl. 11.00. Høgmesse/
Dåpsfestgudsteneste. Jørgen Grimelid. Dåp og nattverd.
Gjerstad kyrkje kl. 19.00. Gudsteneste. Jørgen Grimelid.
Nattverd.

2. august

9. s. i treeiningstida.
Hamre kyrkje kl. 11.00. Høgmesse. Jørgen Grimelid.
Nattverd.

9. august

Ingen gudstenester på Osterøy

16. august

11. s. i treeiningstida.
Haus kyrkje kl. 11.00. Høgmesse. Stein Hugo Fykse.
Nattverd.

23. august

12. s. i treeiningstida.
Hamre kyrkje kl. 11.00. Høgmesse. Jørgen Grimelid.
Nattverd.

30. august

13. s. i treeiningstida.
Gjerstad kyrkje kl. 11.00. Høgmesse. Stein Hugo Fykse.
Dåp og nattverd.

6. september

14. s. i treeiningstida.
Hamre kyrkje kl. 11.00. Høgmesse. Jørgen Grimelid.
Dåp og nattverd.
Bruvik kyrkje kl. 11.00. Høgmesse. Stein Hugo Fykse.
Dåp og nattverd.

Laurdag 12. september

Gjerstad kyrkje kl. 10.00. Konfirmasjonsgudsteneste.
Stein Hugo Fykse og Mia Etokebe.
Gjerstad kyrkje kl. 12.00. Konfirmasjonsgudsteneste.
Stein Hugo Fykse og Mia Etokebe.
Hosanger kyrkje kl. 13.00. Konfirmasjonsgudsteneste.
Jørgen Grimelid.

Søndag 13. september

15. s. i treeiningstida.
Hamre kyrkje kl. 11.00. Konfirmasjonsgudsteneste.
Jørgen Grimelid.
Haus kyrkje kl. 11.00. Konfirmasjonsgudsteneste.
Stein Hugo Fykse og Mia Etokebe.

20. september

16. s. i treeiningstida.
Gjerstad kyrkje kl. 11.00. Høgmesse/
Dåpsfestgudsteneste. Jørgen Grimelid. Dåp og nattverd.
Presentasjon av nye konfirmanter.
Bruvik kyrkje kl. 11.00. Konfirmasjonsgudsteneste.
Stein Hugo Fykse og Mia Etokebe.

27. september

17. s. i treeiningstida.
Hosanger kyrkje kl. 11.00. Høgmesse. Jørgen Grimelid.
Dåp og nattverd. Presentasjon av nye konfirmanter.
Bruvik kyrkje kl. 11.00. Familiegudsteneste. Stein Hugo
Fykse og Mia Etokebe. Dåp og nattverd. Presentasjon av
nye konfirmanter. Utdeling av 4-årsbok.
Haus kyrkje kl. 13.00. Høgmesse/Dåpsfestgudsteneste.
Jørgen Grimelid. Dåp og nattverd.

SLEKTERS GANG

Døpte:

- 21.05. Johanne Sandal (Hamre)
- 31.05. William Nielsen (Gjerstad)
- 31.05. Sivert Njåstad (Gjerstad)
- 31.05. Henry Fjellskål (Hosanger)
- 31.05. Henrik Solberg (Hosanger)

Vigde:

- 02.05. Karin Elisabet Holsen og Roger Tysse (Hosanger)

Gravlagte:

- 16.04. Kjellaug Hjellvik (f.1933) (Hamre)
- 17.04. Monrad Myking (f.1933) (Gjerstad)
- 21.04. Anne Grethe Bernes (f.1952) (Gjerstad)
- 08.05. Dagny Theil (f.1949) (Gjerstad)
- 19.05. Ottar Roald Mogens Kalland (f.1932) (Bruvik)
- 22.05. Anne Serine Nergård (f.1927) (Haus)
- 29.05. Egil Lønning (f.1931) (Hosanger)

Smittevern i kyrkjene

Etter ei krevjande tid, med stengde kyrkjer, har vi no opna opp igjen, og talet på kor mange som kan vere til stades endrar seg. Frå 7. mai har vi hatt ei grense på 50 personar, men denne ventar vi blir utvida i juni. Vi kjem likevel ikkje tilbake til «normalen» for gudstenester og andre kyrklelege handlingar.

Handvask er viktig. Vi har handsprit ved inngangen til kyrkjene. Vi må framleis halda avstand til kvarandre. Vi løysjer det med berre å bruke annankvar benk i kyrkja. Vi deler og ut programark ved gudstenestene. Salmebøkene skal ikkje brukast.

Du kan trygt gå til nattverd, vi kan døype barn, vie brudepar og gjennomføre gravferd utan å utsette nokon for smittefare. Vi har eit sterkt fokus på reinhald. På grunn av smittesporing må vi registrere dei som kjem til kyrkja.

Vi ønskjer folk tilbake til kyrkjene. Det er trygt å gå til gudsteneste og andre kyrklelege handlingar.

Edvin Bratli, kyrkjeverje



Bunad og stakkastovo as

*Ny bunad
Omsøm
Alt av tilbehør*

Ring for avtale 56191800

Hodlebrautsvegen 18, Osterøy næringspark, 5281 Valestrandsfossen
www.bunadogstakkastovo.no